



Frykt for overvatn nedanfor fylkesvegen er framleis eit problem for Ospelunden-prosjektet

Oppsittarar på utsida av fylkesvegen ved det nye bustadfeltet Ospelunden har uttrykt frykt for at overvatn vil flomma inn på eigedommane deira via ein bekk.

Dei som står for utbyggjinga har forsikra at dette ikkje vil verta noko problem fordi vatnet vil bli leia vekk, men saka er framleis ikkje løyst.

To av oppsittarane skal no vera villige til å trekkja merknadane sine, men den tredje har framleis ikkje gjort det.

Ein av dei som har trukke merknaden sin skriv til kommunen at han gjer det i tillit til at det i framtida ikkje vert leia meir vatn inn på den omtala bekken og at bekken vert avskoren og leia inn på det kommunale leidningsnettet som går til sjø lenger nord.

Dette nettet kryssar fylkesvegen ved nedkøyringa til Korsnes.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen